

## REFERANSER

1. Folkehelseinstituttet. Beinskjørhet og brudd – fakta om osteoporose og osteoporotiske brudd. <https://www.fhi.no/fp/folkesykdommer/beinskjoerhet/> (Oppdatert: 22. februar 2015).
2. Faggruppe for osteoporose og benhelse, Norsk ortopedisk forening. Behandlingsveileder for menn og kvinner  $\geq$  50 år, med lavenergi-brudd. <http://legeforenningen.no/Fagmed/Norsk-ortopedisk-forening/> (Publisert: oktober 2015).
3. Ross AC, Manson JE. The 2011 report on dietary reference intakes for calcium and vitamin D from the Institute of Medicine: what clinicians need to know. *J Clin Endocrinol Metab.* 2011; 96 (1): 53–8.
4. Norsk elektronisk legehåndbok. Osteoporose. <http://www.legehandboka.no/> (Sist endret: 10. mars 2015).
5. Nasjonal brukerhåndbok i medisinsk biokjemi. Vitamin D, P. Versjon 1.1. (Sist oppdatert: 15. juli 2015).
6. Syversen U, Halse JI. Bisfosfonatbehandling av osteoporose og andre skjelettsykdommer. *Tidsskr Nor Legeforen* 2011; 131: 244–7.
7. Statens legemiddelverk. Preparatomtale (SPC) Fosamax. <http://www.legemiddelverket.no/legemiddelsok> (Sist oppdatert: 17. juni 2016).
8. Statens legemiddelverk. Preparatomtale (SPC) Zoledronsyre. <http://www.legemiddelverket.no/legemiddelsok> (Sist oppdatert: 6. juni 2016).
9. Black DM, Reid IR et al. The effect of 3 versus 6 years of zoledronic acid treatment of osteoporosis: a randomized extension to the HORIZON-Pivotal Fracture Trial (PFT). *J Bone Miner Res.* 2012; 27 (2): 243–54.
10. Wells GA, Cranney A et al. Alendronate for the primary and secondary prevention of osteoporotic fractures in postmenopausal women. *Cochrane Database of Systematic Reviews* 2008, Issue 1. Art. No.: CD001155.
11. Serrano AJ, Begona L et al. Systematic review and meta-analysis of the efficacy and safety of alendronate and zoledronate for the treatment of postmenopausal osteoporosis. *Gynecol Endocrinol* 2013; 29 (12): 1005–14.
12. Schilcher J, Michaëlsson K. Bisphosphonate Use and Atypical Fractures of the Femoral Shaft. *N Engl J Med* 2011; 364: 1728–37.
13. Anagnostis P, Stevenson JC. Bisphosphonate drug holidays – when, why and for how long? *International Menopause Society, Climacteric* 2015; Early online: 1–7.
14. Austin M, Yang YC et al. Relationship between bone mineral density changes with denosumab treatment and risk reduction for vertebral and nonvertebral fractures. *J Bone Miner Res* 2012; 27 (3): 687–93.
15. Bone HG, Bolognese MA et al. Effects of denosumab treatment and discontinuation on bone mineral density and bone turnover markers in postmenopausal women with lowbone mass. *J Clin Endocrinol Metab.* 2011; 96 (4): 972–80.
16. Norsk legemiddelhandbok for helsepersonell. Denosumab. <http://www.legemiddelhandboka.no/> (Sist endret: 17. august 2016).
17. Statens legemiddelverk. Preparatomtale (SPC) Prolia. <http://www.legemiddelverket.no/legemiddelsok> (Sist oppdatert: 1. desember 2015).
18. Norsk legemiddelhandbok for helsepersonell. Teriparatide (hPTH(1–34)). <http://www.legemiddelhandboka.no/> (Publisert: 10. juni 2016).
19. Statens legemiddelverk. Preparatomtale (SPC) Forsteo. <http://www.legemiddelverket.no/legemiddelsok> (Sist oppdatert: 15. mars 2016)
20. Syversen U, Halse JI. Behandling av osteoporose med parathyreoideahormon. *Tidsskr Nor Legeforen* 2008; 128: 39–41.
21. Lewiecki EM, Miller PD et al. Understanding and communicating the benefits and risks of denosumab, raloxifene, and teriparatide for the treatment of osteoporosis. *J Clin Densitom* 2014; 17(4): 490–5.

CHRISTINE LINDEBØ BANDLIEN

spesialist i allmenntmedisin, lege i spesialisering, RELIS Midt-Norge og Avdeling for klinisk farmakologi, St.Olavs hospital.

TRUDE BASSO

MD PhD, lege Ortopedisk avdeling, St. Olavs hospital.

# Forskning bidrar til bedre sjukmeldingspraksis

Ein av seks nordmenn i yrkesaktiv alder står utanfor arbeidslivet på grunn av sjukdom. Det er ein stor kostnad for samfunnet. Men den høgste prisen betalar den sjukmelde sjølv. Manglande deltaking i arbeidslivet kan føre til svekka sosialt nettverk og sviktande tru på egne ferdigheiter.

For oss i NAV er ei av oppgåvene våre å bidra til at flest muleg skal få delta i arbeidslivet. Vi veit at arbeid i dei fleste tilfelle er helsefremjande. Deltaking i arbeidslivet kan vere ei kjelde til sosiale relasjonar, identitet, personleg vekst og mestring. Høg arbeidsdeltaking i samfunnet har også stor nytteverd i form av auka verdiskaping og færre stønadsmottakarar. Difor prøver vi en ny ordning der det blir gjort ei ny medisinsk vurdering av ein annan lege etter seks månader, i eit forsøk på å forkorte sjukmeldingsperioden.

## Den sjukmelde betalar prisen

Når vi også veit at psykiske lidningar er den typen sjukefråvær som aukar mest, er det ein ekstra grunn til å sjå nærare på korleis vi kan bidra til at fleire beheld kontakta med arbeidslivet. Det å ha ein jobb kan vere viktig for å meistre psykiske helseproblem. Ein blir ikkje nødvendigvis friskare av å vere heime, og i mange tilfelle vil nettopp ledigang føre til ein forverra situasjon.

Sjukdom rammar dei fleste av oss frå tid til annan, og nokre gonger har ein ikkje anna val enn å vere borte frå arbeid ein periode. Det er likevel ikkje dei som er sjukmelde i kortare periodar som treng tettast oppfølging. Det er når sjukefråværet ser ut til å kunne bli langvarig at det kan være behov for meir oppfølging. Folk må få hjelp til å sjå på kva muligheiter dei har, før det går for lang tid. Statistikkane til NAV viser at dess lengre ein er borte frå arbeidslivet i eit sjukefråvær, dess vanskelegare er det å kome attende i jobb. Langvarige sjukefråvæer ender ofte i andre stønader, som til slutt ender i uføretrygd.

Vi veit ikkje nok om kva tiltak som har best effekt for å få ned talet på sjukmelde. Forsking vil forhåpentleg bringe oss nærare svaret.

## Forsøk med ny medisinsk vurdering av annan lege

Vi ønskjer å legge til rette for å hjelpe fleire på eit tidlegare tidspunkt. Difor er vi for tida med i eit forsøk saman med Uni Helse Research, som vi håpar vil bidra til at færre blir stengt ute frå arbeidslivet på permanent basis.

Bakgrunnen for forsøket er at Regjeringa ønskjer at ingen skal kunne sjukmeldast i meir enn seks månadar av si eigen fastlege, utan at det blir gjort ei ny medisinsk vurdering (NMV) av ein annan lege. Arbeids- og sosialdepartementet har bedt NAV gjennomføre eit forsøk med ei ny medisinsk vurdering av ein annan lege innan utgangen av seks månaders sjukmelding. Hordaland er valt som pilotfylke. Føremålet er å redusere sjukefråværet, og få meir kunnskap om kva effektar ei ny medisinsk vurdering kan ha på lengda av fråværet og sjukmeldingsgraden.

Hausten 2015 gjekk NAV i Hordaland i gang med forskingsprosjektet i samarbeid med Uni Research Helse. Forsøket varer ut oktober i år. Ni legar har blitt tilsett i deltidstillingar. Desse skal gje dei som har vore sjukmelde i meir enn seks månadar mulighet til å få ein ny vurdering av helsetilstanden. Legene som er tilsett i forsøket skal ikkje vurdere retten til sjukepengar. Ei ny vurdering kan vere med på å bidra til at ein ser situasjonen til den sjukmelde i eit nytt lys, og at ein gjennom tilrettelegging og oppfølging kan sjå muligheiter ein ikkje har vore merksam på tidlegare. Vi veit at det er komplisert for mange fastlegar å følge opp langtidssjukemeldingar. Kanskje kan ei ny vurdering resultere i at den sjukmelde får anledning til raskare å komme heilt eller delvis attende til arbeidslivet?

Uni Helse Research si forskning på forsøket med ny vurdering av helsetilstanden vil vere eit viktig verktøy for å måle oppfølginga av dei sjukmelde, slik at vi kan få handfaste svar på kva tiltak som gir best effekt. Det er òg i tråd med NAV si strategi om å sikre at tenestene og verkemidla i arbeids- og velferdsforvaltninga i størst muleg grad er kunnskapsbaserte.

Resultata av forsøket veit vi enno ikkje. Det vil vi først få et godt bilete av i januar 2018, når sluttrapporten skal leggest fram. Uansett kva fasiten seier når rekneskapet blir gjort opp, vil det forhåpentleg bringe oss eit steg nærare ei løysing på korleis vi kan bidra til å gje fleire sjukmelde menneske endå betre hjelp.

ANNE KVERNELAND BOGSNES  
fylkesdirektør i NAV Hordaland